



Klar for avreise til Dyranut for å delta på DNT tur og Monsen minutt for minutt.

**Eldbjørg og Lars Myklebust er på plass på Dyranut klar for Monsen minutt for minutt med start i dag kl. 11. Turen er i regi av NRK og DNT og det er lagt opp til direkte sending kvar dag mellom kl. 11 og kl. 16. I tillegg vert det sending på kvelden i programmet Sommarope. Paret frå Uskedalen skal vera med på den del av programmet som er lagt til Hardangervidda, frå Dyranut til Tuva.**

Uskedalen.no gjesta Eldbjørg og Lars før avreise til Dyranut i går kl. 11. Alt var pakka og gjort klart til fem dagar på Hardangervidda. Turen er lagt innom både det som vert definert som Vestvidda og Austvidda. Fyrste etappe går frå Dyranut til Stigstuv, så kjem Rauhelleren, Heinsæter og til slutt Tuva.



[Eldbjørg og Lars Myklebust er klar på Dyranut med avgang i dag kl. 11.](#)

Monsen minutt for minutt er lagt opp som ein vanleg DNT tur. Alle må kunna hjelpa seg sjølve og ha med mat og alt utstyr for rasting og overnatting. Sendingane på NRK 1 har same regien som tilsvarande sakte TV før, slik vi mellom anna hugsar det frå sendingane med Hurtigruta, Bergensbanen og Nordlandsbanen.

Det var på seinvinteren Lars Myklebust oppdaga dette tilbodet. Det har vore open påmelding og frammøte er som sagt i dag med avgang kl. 11. Lars Monsen er ein dyktig programleiar og har store kunnskapar om naturen, fiske, jakt og friluftsliv generelt.

Arild Djuvsland frå Varaldsøy er med på same turen. Han skal i tillegg vera ein del av crewet på neste etappe i Jotunheimen. Uskedalen.no er lova bilete og rapportar frå turen med Lars Monsen.

Mange i Uskedalen vil sikkert vera klar framføre TV'en i dag i 11 tida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Lars Monsen på Næringsseminaret på Festidalen i 2017. ( Arkivfoto )